

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79

*5906 TREKAUG*

Dykkar ref.:  
Vår ref.: 11991751  
Ref. gnr/bnr: 55/61

Dato: 11.06.2018

### **Ombygging av 22 kV kraftlinje til Skjellanger**

BKK Nett har planlagt ombygging og fornying av 22 kV linja fra Sætrevik til Skjellanger i Meland kommune. Linja er vel 60 år gammal og har dermed oppnådd den tekniske levealderen. Tiltaket er nødvendig for at BKK skal kunna imøtekoma krav til leveringstryggleik og kvalitet.

Den eksisterande linja har eit byggeforbodsbelte på 13 meter. Vårt forslag vil redusera byggeforbodsbelte til 6 meter. Dette kjem av at me ynskjer å bruka ein hengekabel framfor konvensjonell høgspentlinje. Kabelen samlar alle leidningane til en kompakt kabel og gjer forsyninga meir skjerma mot omgjevnader. Dette vil også gje moglegheit for å hengja lågspentleidningane i same mastearrangement. Sjå vedlagte skisser som viser klausulert breidde og minsteavstandar for ny og gammal linje.

Me vil byggja delar av traséen parallelt med den noverande linjetraséen slik at me kan ha den gamle linja i drift i anleggsperioden. Dette vil redusera behovet for utkoplinger. Nokre stadar ynskjer me å leggja om traséen. Sjå vedlagt kart som viser eksisterande nett og forslag til ombygging. Vidare i arbeidet ynskjer me å utføra oppmålingsarbeid i terrenget.

BKK ynskjer ei formalisering av grunneigarar og nettselskapet sine rettar og plikter i form av ein standard grunnnavtale. Når linja er ferdig planlagt, sender me deg eit forslag til avtale. Der det nye anlegget medfører ei meirbelastning i forhold til situasjonen i dag, tilbyr me erstatning for tillegget i samsvar med BKK Nett sine satsar for bandlagt areal, stolpe- og bardunfester m.m.

Planane skal føreleggjast Meland kommune, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune. De vil få nærmere informasjon om dette.

Innen 3 veker ynskjer me å få inn eventuelle spørsmål, merknader eller innspel til planen frå grunneigarane. Ta då gjerne kontakt med:  
Øystein Almelid, telefon 55 12 80 12, e-post: [Oystein.Almelid@bkk.no](mailto:Oystein.Almelid@bkk.no), eller  
Erik Andreas Tvedt, telefon 55 12 81 01, e-post: [Erikandreas.Tvedt@bkk.no](mailto:Erikandreas.Tvedt@bkk.no)

Vennleg helsing  
BKK NETT AS

Øystein Almelid

Erik Andreas Tvedt

Vedlegg:

- Plankart
- Skisser klausuleringsbredde og minsteavstander